



Stovegjest



Handlevogn



KvammaVEKO



Bingo, Tolkeimen

# Grannehjelpa

# ÅRSMELDING 2019



Karatrakk



Kvinnegruppe



Frivilligheitas dag



Ung Fritid



Stiftinga Grannehjelpa  
Sandvenvegen 1B, 5600 Norheimsund  
[www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no) / [post@grannehjelpa.no](mailto:post@grannehjelpa.no)  
901 22 688 / 913 66 184

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 33 saker i 2019. I tillegg var styret og tilsette samla til strategisamling i januar 2019.

Styremedlemer i 2019 har vore:

Kari Beate Mostad, leiar  
André Ellingsen, nestleiar  
Annlaug Sponheim Vik  
Susanne Wærn van Hoek  
Frode Sandven  
Geir Madsen  
Ragnhild Rykkje

Varamedlemer:

Bjørnar Dagstad  
Ann Charlotte Ellingsen  
Sidsel Tufta  
Aud Irene Mortensen (personleg vara for Ragnhild Rykkje)  
Svein Stuve (personleg vara for Kari Mostad)

## ORGANISASJONEN

### Generalforsamling

Generalforsamling vart halde 20. mars i Gamleskolen på Norheim. Avtroppande styreleiar Torgeir Magnar Børve leia møtet. Det var 19 fram møtte med stemmerett.



Påtroppande styreleiar Kari B. Mostad takkar av Torgeir Magnar Børve som har 4. års fartstid i styret.

### Tilsette

Grannehjelpa har to fast tilsette, dagleg leiar Sidsel Haugen i 100% stilling og frivilligkoordinator Rut Oppedal Rasmussen i 60%

stilling. Helena Rykkje var vore mellombels tilsett i 80% stilling fram til 31.3. Dagleg leiar har frå 1. september hatt 20% studiepermisjon med lønn i samband med studiet Nyskaping og samfunnsutvikling ved Høgskulen for grøn utvikling. Fram til utgangen av mars vart det utført totalt 2,4 årsverk, frå mars til september 1,6 årsverk og frå september til desember 1,4.



Kjersti i møte med nokre av karane i «Karalag»;

Kjersti Berg Leiren, elev ved Kvam Ungdomsskule, valde å ha arbeidsveka si hos oss i mai. I tillegg til å gjera administrativt og førefallande arbeid på kontoret, var ho med på fleire aktivitetar i lag med frivillige. Under Operasjon Dagsverk i oktober var Farhio Sahal frå Kvam vgs. hos Grannehjelpa og hjelpte til med å førebu og gjennomføra møta den dagen.

Styret meiner arbeidsmiljøet i Grannehjelpa er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadar eller ulukker i 2019. Stiftinga forureinar ikkje ytre miljø. Stiftinga Grannehjelpa diskriminerer korkje tilsette eller besøkjande, brukarar eller frivillige i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

### Nettverk og fagleg utvikling

Grannehjelpa er med i fleire nettverk og organisasjonar for frivilligsentralar: Nettverk Hardanger og Voss, Frivillig Hordaland (interesseorganisasjon for frivilligsentralar i Hordaland) og Norges Frivilligsentraler (landsdekkjande interesseorganisasjon for frivilligsentralar). Varamedlem i styret, Bjørnar Dagstad, sit i styret til Frivillig Hordaland. Grannehjelpa var representert på organisasjonen sitt årsmøte i april.

Nettverk Hardanger og Voss (samarbeidsorgan for frivilligsentralane i regionen) søkte og fekk innvilga tilskot frå Hardangerstiftinga til å arrangera konferanse for frivillige. Denne vart utsett og er planlagt gjennomført i april 2020.

Tilsette og frivillige har i 2019 delteke på dialogmøtet «Leve hele livet» i regi av Fylkesmannen i Vestland og «Møteplass inkludering» i regi av Frivillighet Norge. Dagleg leiar har saman med andre i arbeidsgruppa for tiltaket «Ung fritid» delteke på konferanse i regi av KS.

### Lokalitetar

#### **Sandvenvegen 1B**

Grannehjelpa har gode kontor- og møtelokale sentralt i Norheimsund. Alle tilsette har eigne kontor, noko som gjev arbeidsro, sjølv om møterom og foajé er i bruk av andre. Møterom i 1. etasje har stort konferansebord og plass til inntil 15 personar. Møterom i 2. etasje har bord og stolar og kan møblerast etter behov. Det er god plass til 20, men ein har vore 40 personar der. Begge møteromma er utstyrt med projektor og lerret som kan nyttast til videokonferanse. For mindre møte vert sofagruppa i foajeen ein god møteplass.



Møterom i 1. etasje i Bondetun. Det er gratis for frivillige lag og organisasjonar å låne hus.

Det er gratis for frivillige lag og organisasjonar å låna lokala, og utlånsfrekvensen er aukande. I 2019 vart lokala lånt ut til andre 185 gongar, noko som er eit gjennomsnitt på 17 gongar per månad (stengt i juli). Lokala vert nytta av andre både til faste aktivitetar og til sporadiske møte. I 2017 vart det innført frivillig husleige.

Dette året fekk me nye konferansemøblar i 2. etasje, finansiert gjennom tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger. Dei nye møblane er fleksible og gjer det enklare å møblera (ommøblera) rommet basert på behov. Takk til Hardangerstiftinga!

#### **Gamleskolen på Norheim**

Grannehjelpa disponerer hovudetasjen i Gamleskolen på Norheim og betalar straum og innbuforsikring. Eigiar Kvam herad tek seg av vask i fyrste etasje ein gong i veka. Huset vert nytta til meir plasskrevjande aktivitetar som Internasjonal Kvinnegruppe, Kafé Norheim og ReDesign.



Gamleskolen på Norheim har nye møblar og kan leigast for ein rimeleg penge.

Også dette året har det vore gjort ein formidabel dugnadsinnsats i huset; veggjar og karmar kring vindaugo har fått ny måling, nye møblar er montert og komne på plass og nye veggteppe skapar lun atmosfære. På hausten vart det montert nye rullegardiner og varmpumpe. Grannehjelpa har søkt og fått tilskot frå Kvam herad og Sparebankstiftinga Hardanger til dette. TAKK!

Me var riktig stolte då me 28. mars inviterte til gjenopning, både for å visa fram kor fint det er blitt, men aller mest for å takka dei ivrige frivillige i dugnadsjengen med med Mibeth Skutlaberg og Arvid Strømme i spissen. Arbeidet har ikkje gjort seg sjølv!!

#### **Innskytarlag**

Stiftinga Grannehjelpa hadde 31 innskytarlag i 2019. Strandebarm Pensjonistlag er ny innskytar dette året.

Ungdomslaget Samhald  
 Kvam Idrettsråd  
 Kvam Høyrseallag  
 Kvam Revmatikarlag  
 Kvam Senioruniversitet  
 Kvam herad  
 LHL Kvam  
 NFU Kvam Lokallag  
 FFO Kvam  
 Lions Club Norheimsund  
 Norheimsund Indremisjon  
 Norheimsund Kvite Band  
 Norheimsund Pensjonistlag  
 Øystese Pensjonistlag  
 Oma Kvinne- og familielag  
 Strandebarm Kvinne- og familielag  
 Ålvik Kvinne- og familielag  
 Øystese Kvinne- og familielag  
 Vikøy Sokneråd  
 Ålvik Røde Kors Besøksteneste  
 Øystese Røde Kors  
 Øystese Sanitetslag  
 Fykse Sanitetslag  
 Ålvik Sanitetslag  
 Buspareklubben  
 Lions Club Strandebarm  
 Kvam Soge- og kulturminnelag  
 Ålvik Pensjonistlag  
 Arbeidstakarorganisasjonane  
 Strandebarm Pensjonistlag

### Styret si vurdering

Grannehjelpa skal utviklast saman med dei som er knytt til sentralen, og dette vert ivareteke gjennom jamleg og systematisk oppfølging av frivillige, som igjen bidreg til aktivitetar og tiltak. Organisasjonen tek mål av seg å vera levande og dynamisk, og det er gledeleg at både einskilde frivillige, organisasjonar og offentlege tenester vender seg til Grannehjelpa med tankar og idéar om tiltak til gode for ålmenta. Me er nøgd med å ha etablert oss som ein viktig partner i lokalsamfunnsutviklinga, og jobbar stadig etter det uoffisielle slagordet vårt «god aleine, best i mellom».

Styret har jobba målretta i tråd med organisasjonen sin strategiplan, og i 2019 har me hatt fokus på å:

- Utvikla eigen organisasjon gjennom systematisk arbeid med strategisk plan.
- Implementera «InVi», database for registrering og administrasjon av frivillige, oppfølging av oppdrag og aktivitet.
- Oppretthalda og utvikla aktivitetar og tiltak saman med frivillige som er knytt til sentralen.

Rutinar for handtering av personvern er utarbeidd og implementert, og det er vedteke nye instruksar for styre, valnemnd og dagleg leiar.



Styret i Grannehjelpa 2019

Driftstilskotet frå Kvam herad har dette året vore kr 1 240 000,-. Grannehjelpa takkar administrasjon og polititarane i Kvam herad for tilliten dei gjennom dette gjev oss. Kvam herad er ikkje berre ein viktig økonomisk medspelar, men òg ein viktig samarbeidspartnar i utvikling og gjennomføring av fleire tiltak og aktivitet. Døme på det er KvammaVEKO, Kvinnegruppe og Aktivitetsvenn. Me kjem mykje lenger når me dreg lasset i lag.

Styret rettar ein stor TAKK til alle som har gjeve av tida si til frivillig verksemd gjennom Grannehjelpa. Det er de som er frivillige som er hjarta i Grannehjelpa! Me takkar òg alle samarbeidspartnarar i offentleg, frivillig og privat

sektor for bidrag både i form av dugnad, kompetanse og økonomi.

## FRIVILLIGE

Frivillig innsats vert ikkje registrert systematisk, men eit moderat overslag (aktivitetsrekneskap) syner at frivillige har bidrege med nær 9800 timar i 2019, noko som utgjør 5 årsverk.

Det er dei engasjerte menneska som tek samfunnsansvar som ER Grannehjelpa. Me samarbeider med einskilde frivillige og med frivillige som bidreg gjennom det laget eller den organisasjonen dei er med i. Overslaget i aktivitetsrekneskapen syner at over 500 frivillige har bidrege i 2019. Det var ikkje 500 unike personar, nokon var med på fleire ting, men det viser uansett høgt engasjement gjennom Grannehjelpa sitt virke.



I august inviterte me til medarbeidersamling på Lidarende samfunnshus, og det var utruleg kjekt at over 100 av våre frivillige deltok. Det var òg stas at ordførar Jostein Ljones var med, og nytta høvet til å takka alle for innsatsen.

Fredag 7. juni flytta me kontoret til Strandebarm for ein dag. Me fekk låna pauserommet på legekantoret og rigga oss til med kaffi og sjokolade. Mange kom innom, og me fekk informert og registrert frivillige i InVi.

## AKTIVITET

Grannehjelpa er ein av 464 frivilligsentralar i Noreg. Sentralen vert drifta i tråd med egne vedtekter og har som føremål å styrkja den frivillige innsatsen i Kvam, og å stimulera grupper og einskildpersonar til å delta i frivillig arbeid gjennom å driva frivilligsentral. Strategiplan for 2019-2021 gjev føringar for tiltak og aktivitet i inneverande periode.



Fullt hus på medarbeidersamling på Lindarende i august.

Grannehjelpa har ikkje høg deltaking som einaste målsetjing. Fokus ligg meir på å leggja til rette for gode møte mellom menneske. Deltaking i aktivitet er difor ikkje systematisk registrert, men vert estimert i nokre høve; KvammaVEKO hadde kring 1500 deltakarar totalt, Bornas Verdsdag kring 1000, og stadig fleire born og unge nyttar seg av tilboda i Ung Fritid.



God stemning på gjestebodet i Gamleskolen på Norheim våren 2019.

Grannehjelpa koordinerer regelmessige aktivitetar på eldreinstitusjonar i Strandebarm, Norheimsund og Øystese, i lag med einskilde frivillige og med lokale frivillige lag og organisasjonar.

Grannehjelpa har koordinerende funksjon i forhold til «Aktivitetsvenn», eit 1:1-tilbod for personar med demens. Dette er eit samarbeid mellom Nasjonalforeninga for folkehelse, Kvam herad, Demensforeninga i Kvam og Grannehjelpa. Pr. utgangen av 2019 var det 12 personar som hadde ein Aktivitetsvenn.

I tillegg til faste aktivitetar bidreg me med varierende ressursar i samarbeidsprosjekt initiert både av offentleg og frivillig sektor. Utvikling av nye tiltak skjer ofte etter initiativ frå og i tett kontakt med frivillige. I 2019 vart ingen aktivitetar avslutta, men tre nye vart sett i gong: handlevogn på Mikkjelsflaten, «Kompisane»-besøk på Tolo Omsorg og bingo på gruppe 6 i Øystese. Både handlevogn og bingo er starta opp etter ynskje frå tilsette.

## **Samfunn og miljø**

### **Hjelp ein sambygding**

Hjelp ein sambygding er eit 1:1-tilbod i Strandebarm (Ljones – Mundheim) og i Øystese og Fykse. Over 40 personar har stilt seg til disposisjon i dei respektive områda, og dei bidreg som besøksvenner, som følgje til Haukeland, som turvenner og med stor variasjon av praktisk arbeid. Grannehjelpa har ansvar for koordinering: ta i mot oppdrag og kople frivillige til oppgåvene. Grannehjelpa har òg ansvar for å følgja opp og ivareta dei frivillige hjelparane.

I Strandebarm er det Lions Club Strandebarm som er initiativtakar. I Øystese består arbeidsgruppa av Øystese Sokneråd, Øystese Sanitetslag, Lions Club Norheimsund, Øystese Pensjonistlag, Øystese Indremisjon og Øystese Røde Kors.

### **Strøsand**

Dei to Lions-klubbane i Norheimsund og Strandebarm har i 2019 køyrt ut strøsand til eldre og uføre. Grannehjelpa har bidrege med «ordremottak og vidareformidling».

### **Ein god dag**

Sokneråda og Grannehjelpa samarbeida òg dette

året om å gjennomføra «Ein god dag», to laurdagar seint på våren. Grannehjelpa tek i mot og formidlar oppdrag vidare. Frivillige bidreg i lokalsamfunna med praktisk hjelp til dei som melder inn behov.

### **KvammaVEKO**

«Veko» er ei markering av Verdsdagen for psykisk helse, og vart i 2019 arrangert for 6. gong.



Ungdomsrådet var medarrangør i KvammaVEKO då Maria Stavang var på besøk.

Arbeidsgruppa var dette året samansett av representantar frå Grannehjelpa, Kvam herad og Mental Helse Kvam.

Frå 28.9 til 3.10 vart det gjennomført 11 opne og 1 lukka arrangement med nær 1500 deltakarar: aktivitetsdag, kunstutstilling, ulike føredrag, tur med kultur, kino og sosiale møteplassar av ulik karakter. Fleire programinnslag vart gjennomført i tett samarbeid med ulike frivillige lag og organisasjonar. Dette er me svært glade for!



Elevar frå Framnes vidaregåande skule var med som vertskap på aktivitetsdagen i KvammaVEKO.

KvammaVEKO er eit spleiselag som berre let seg gjennomføra med sponsorbidrag. Aktivitetsdagen på Haugamyrr var i sin heilskap finansiert gjennom tilskot frå Hordaland Fylkeskommune. Me rettar ein stor takk til alle som kjøpte annonsar og gav tilskot. Gratisprinsippet er viktig for arrangøren; økonomi skal ikkje vera eit hinder for deltaking. Programmet vart fulldistribuert til alle husstandar i Kvam.

### Frivilligheitas dag

5. desember er FN sin internasjonale dag for frivillig arbeid. Dagen vart markert med ope hus på Grannehjelpa. I samarbeid med Kvam herad vart det publisert fleire intervju av lokale eldsjeler på nettsider og Facebook. Styret med Bjørnar Dagstad i spissen var primus motor for dette.

### Born og unge

#### Ung fritid i Kvam

Born og unge i alderen 11-18 år fekk tilbod om 14 gratis aktivitetar i 3 veker i sommarferien, i tillegg til vinter- og haustferie. Tiltaket er eit samarbeid mellom Kvam herad, Grannehjelpa og lokale frivillige organisasjonar. Også dette året vart det ungdomsleir på Tråastølen på Hardangervidda i tett samarbeid med Lions Club Norheimsund.



Leir for ungdom på Tråastølen på Hardangervidda i samarbeid med Lions Club Norheimsund.

### Bornas Verdsdag

Grannehjelpa er medarrangør for Bornas Verdsdag og hadde i 2019 ansvar for mat til frivillige og utøvarar. Prosjekteigar er Kulturskulen, og dette var 7. gong BVD vart arrangert. Me vil spesielt takka Øystese

Sanitetslag som i mange år har vore med å førebu og servera mat både laurdag og sundag.

### Gatefeiring - ungdom

I sommarhalvåret administrerer Grannehjelpa ungdom til gatefeiring i Norheimsund frå mai til oktober. I 2019 delte 6 ungdomar i alderen 13-16 på oppgåva. Tiltaket er initiert og finansiert av Norheimsund Næringslag.



Turgruppa Fotalaget.

### Vaksne og seniorar

#### GranneLAG

Siste onsdag kvar måned inviterer Grannehjelpa og Thon Hotel Sandven til GranneLAG (ikkje juli og desember). Det er inga aldersgrense, men det viser seg at tiltaket vert mest brukt av seniorar 60+. 2-3 frivillige er med som vertskap kvar gong. Tiltaket vert annonsert med oppslag og på Facebook.

#### Kafé Norheim

Kafé Gamleskulen bytte namn og dag i 2019. No kan ein kjøpa vaflar og kaffi for ein rimeleg penge to måndagar kvar måned (utanom sommarferie). Fem frivillige deler på oppgåva og har ansvar for



Nokre av stovegjestene på Mikkjelsflaten. Dei er i sving med ulike aktivitetar annan kvar veke.

innkjøp og vaffelsteiking, i tillegg til den viktige oppgåva som vertskap.

### **Datahjelpa**

Ein frivillig har gjennom året bidrege med PC-hjelp gjennom «Datahjelpa». Han stiller opp på førespurnad om torsdagar i tillegg til at han utfører heimebesøk.

### **Turgrupper**

Grannehjelpa koordinerte tre turgrupper: Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen. Kvar gruppe har eigne frivillige turleiarar som kvar veke, i all slags vêr, tek turglade vaksne med på tur i nær heile kommunen. Trim og mosjon er viktig, men det sosiale aspektet er minst like viktig. Kvam turlag er god samarbeidspartnar her, og bidreg mellom anna med pengar til annonsering i avisa og til kjøp av naudsynt utstyr. Dei tre gruppene har til saman gjennomført 120 turar, i tillegg til eit par fellesturar.



Omvisning i Bergslimuseet på Voss under «Tur med kultur» i KvammaVEKO.

I april fekk me besøk av ein gjeng ivrige Fusingar som var på gjenbesøk etter at me vitja dei i 2018. Me tok dei med til Sjusete og avslutta med GranneLAG på Thon Hotel Sandven. Særs vellukka og triveleg!

Med støtte frå Kvam turlag vart det i oktober arrangert «Tur med kultur» til Voss. Den innleigde bussen var fullasta med deltakarar frå heile kommunen. Seniorgruppa i Voss utferdslag hadde laga eit flott turopplegg for oss, inkludert besøk i Bergslimuseet. Middagen på Park Hotel var ei fortrefteleg avslutning på ein innhaldsrik dag.

### **ReDesign**

Andre tysdag kvar månad har dei med interesse for å «laga noko nytt av noko gammalt» møttst i Gamleskulen til ReDesign. Tilbodet har godt oppmøte og deltakarar i fleire aldersgrupper. Den eine frivillige som i si tid tok initiativ til å starta, er den som framleis har ansvar.

### **Høyrselhjelpa**

Kvam Høyrselag sine likepersonar har òg dette året vore på plass to gongar i månaden. Laget har lageret sitt hos Grannehjelpa, og tilsette sel batteri og anna utstyr i opningstida. Laget har òg gått til innkjøp av samtaleforsterkarar som vert lånt ut gratis. Styret i Høyrselaget har Grannehjelpa som fast møteplass. Kvam Høyrselag gav i 2019 kr 15 000,- i gåve til Grannehjelpa.



Sommarfest i Dalatun.

### **På eldreinstitusjon**

Grannehjelpa koordinerer aktivitetar på fleire eldreinstitusjonar i kommunen. Tiltaka vert gjennomført i tett samarbeid med ulike lag og organisasjonar, tilsette på institusjonane og einskilde frivillige.

Fleire av institusjonane har «taxisyklar» og Grannehjelpa er med å rekruttera frivillige sykkelsjåførar.

## Strandebarm

Grannehjelpa har vore med og utarbeidd planar og lagt til rette for ulike aktivitetar på Strandebarmsheimen. Oma Kvinne- og familielag har kafé på omsorgsbustaden ein gong i månaden. Strandebarm Kvinne- og familielag har kaffikos nokre gongar i året. Seniordansen har danseoppvisning fleire gongar både i vår- og hausthalvåret. Kvar veke går frivillige på avdelinga med handlevogn med variert vareutval.



## Øystese

«Stovegjest»-ordninga på Mikkjelsflaten er eit samarbeid mellom Øystese Pensjonistlag, Øystese Sanitetslag, Øystese Kvinne- og familielag og Øystese Indremisjon. Dei har annankvar veke gjennom året bidrege med aktivitet og underhaldning for dei som bur der: bingo, historieforteljing, song og musikk, tur og trim, velvære og blometurar. Grannehjelpa har koordinerande ansvar, dei frivillige planlegg og gjennomfører aktiviteten. Nytt dette året er sittedans med Martha Strømme i spissen. Dette har vore særst populært, og no er "danseglede" spreidd både til Tolo omsorg og til "Pensjonisten" i Ålvik.

På dagsenteret på Øysteseheimen har ein skilde frivillige bidrege med pianounderhaldning og song- og musikkstund gjennom heile året.

I 2019 starta me opp handletilbod til bebuarane på Mikkjelsflaten. Kvar tysdag tek to frivillige runden til alle dei 32 bebuarane. Vogna er «lasta»

med forbruksvarer, frukt og andre godsaker. Sjølvve vogna er sponsa av Øystese Sanitetslag.

## Norheimsund

Frivillige i Grannehjelpa har fleire aktivitetar for dei som bur på Toloheimen og Tolo Omsorg: songstunder og pianounderhaldning både på Tolo Omsorg og på Toloheimen, bingo på rehabiliteringsavdelinga og Karalag på Tolo Omsorg. Nytt i år er «Kompisbesøk» med Anne og Malin (begge 15 år) på Tolo Omsorg. I delar av året har det òg vore ei turgruppe knytt til rehabiliteringsavdelinga. Tiltaka vert planlagt og evaluert jamleg gjennom året.

## Sommarfest for eldre på institusjon

For 9. gong inviterte frivillige i Grannehjelpa bebuarar på Toloheimen, Tolo Omsorg, Mikkjelsflaten og dagsenteret i Øystese til sommarfest i Dalatun samfunnshus i Steinsdalen. Det vart dansa og sunge, til trekkspel og gitar. Gjestane vart frakta til og frå festen i drosje. Grannehjelpa søker innskytarlaga om tilskot til festen. Dette, saman med støtte frå Iversen Legat, sikrar økonomien.



## Integrering og inkludering

### Språktreff

Ein trufast gjeng med frivillige gjer det mogleg for dei som treng det å øve på norsk språk kvar torsdag på biblioteket i Norheimsund. Det er inga påmelding, berre å møte opp.

## KvammaKOMPIS

KOMPIS er eit integrerings- og inkluderingsiltak kor deltakarane inngår gjensidig, kortsiktig avtale om å møtast 6 gongar i løpet av 3 månadar. I 2019 er det inngått 1 «avtale».



Sommaravslutning på Språktreff på Hardanger Fartøyvernssenter.

## Internasjonal kvinnegruppe

Kvinnegruppa møtest kvar onsdag i Gamleskolen på Norheim. Språktrening og handarbeid er hovudfokus på møta. Dette året vart det investert i rimelege nettbrett som vert brukt i språktreninga. Fleire frivillige har kome til. Nytt av året er at ein lærar og nokre elevar frå vaksenopplæringa deltek kvar gong på kvinnegruppa. Dette sikrar eit stabilt oppmøte av deltakarar. Dei frivillige har fordelt ansvar for opplegget og innkjøp av frukt mm.



«Korleis vil me ha da saman i Kvam?» var tema under gjestebodet.

## Gjestebod

I april inviterte me alle KvammaKOMPISAR og deltakarar på Kvinnegruppa og Språktreff til Gjestebod i samarbeid med kunstnar Katrine Meisfjord. Aktiviteten vart gjennomført med tilskot frå Norges Frivilligsentraler. Målet med

Gjestebodet var å samlast til uformell og viktig samtale om korleis me vil leva saman her i Kvam, og over 50 personar deltok. Samtalane vart teke opp på band og transkribert av Meisfjord som har gjeve Grannehjelpa tilgang til rapporten.



## ØKONOMI

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvisst bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Stiftinga Grannehjelpa hadde i 2019 grunnfinansiering frå Kvam herad. Frå 1996-2016 har det statlege tilskotet til frivilligsentralane kome direkte frå departementet. Frå 1.1.17 vart tilskotet overført kommunane.

Sentralen fekk i 2019 eit overskot på kr 123 321,-. Det var budsjettert med eit underskot på kr 13 250,-. Avviket skuldast i hovudsak auka momskompensasjon, sparsameleg bruk av pengar til aktivitet, avlyst vidareutdanning av tilsette og refusjon av sjukepengar. Årsrekneskap for 2019 er sett opp under føresetnad av fortsett drift. Styret meiner føresetnaden for å halda fram med drifta er til stades.

Dagleg leiar fører Grannehjelpa sin rekneskap i Vekstra Hardanger og Voss AS sitt system Duett. Vekstra står for lønnsutbetaling og utrekning av offentlege avgifter. Hardanger Revisjon AS reviderer rekneskapan.

Grannehjelpa har ikkje eigne midlar til aktivitet, me må søkja tilskot for å få gjennomført tiltak og

arrangement. Me har søkt og fått økonomisk stønad frå fleire lokale frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv.

Me har òg fått stønad hos Sparebanken Vest, Hardangerstiftinga, Hordaland Fylkeskommune, Mental Helse og Kvam herad til konkrete prosjekt. Me takkar kvar og ein for viktige bidrag

<b>ÅRSREKNESKAP 2019</b>		
	2019	2018
<b>Resultatsammendrag</b>		
Salgsinntekter	60 181	75 313
Tilskot	1 535 520	1 507 879
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 595 701</b>	<b>1 583 192</b>
Lønnskostnader	924 638	898 324
Andre driftskostnader	553 301	708 119
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 477 939</b>	<b>1 606 443</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>117 762</b>	<b>- 23 251</b>
Annen renteinntekt	5 559	3 828
<b>Årsresultat</b>	<b>123 321</b>	<b>- 19 422</b>
<b>Avsatt til annen egenkapital</b>	<b>123 321</b>	<b>- 19 422</b>
<b>Balansesammendrag</b>	<b>2 019</b>	<b>2 018</b>
<b>EIENDELER</b>		
<b>Omløpsmidler</b>		
<i>Fordringer</i>		
Kundefordringer		35 396
Andre fordringer	16 580	9 500
Sum fordringer	16 580	44 896
<i>Investeringer</i>		
Odin rentefond	28 012	27 571
Bankinnskudd, kontanter	809 411	668 845
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>854 003</b>	<b>741 311</b>
<b>Sum eiendeler</b>	<b>854 003</b>	<b>741 311</b>
<b>Balanse</b>	<b>2 019</b>	<b>2 018</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
Stiftingskapital	12 000	12 000
Annen egenkapital	618 748	495 427
<b>Sum egenkapital</b>	<b>630 748</b>	<b>507 427</b>
<b>GJELD</b>		
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Leverandørgjeld	27 164	9 244
Skyldig offentlige avgifter	52 483	59 123
Annen kortsiktig gjeld	143 607	165 516
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>223 255</b>	<b>233 884</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>854 003</b>	<b>741 311</b>

<b>Budsjett 2020</b> <i>Vedteke 26.02.2020</i>	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
<b>Salgs- og driftsinntekter</b>		
Saglsinntekt diverse	34 181	20 000
Refusjon MVA	105 241	100 000
Driftstilskot Kvam Herad	1 240 000	1 240 000
Tilskot diverse	14 879	35 000
Tilskot øymerka	175 400	150 000
Annen leieinntekt	26 000	25 000
<b>SUM SALG- OG DRIFTSINTEKTER</b>	<b>1 595 701</b>	<b>1 570 000</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn til ansatte inkludert sosiale kostnader og forsikring	924 638	962 000
Avsatt til lokale forhandlingar		20 000
<b>SUM LØNSKOSTNAD</b>	<b>924 638</b>	<b>982 000</b>
<b>Driftskostnader</b>		
Husleige	120 000	120 000
Lys og varme	74 558	80 000
Reinhald kontor	19 636	21 000
Div kostnader kontor	44	1 000
Driftsutgifter gamleskolen	1 346	2 000
Inventar og utstyr	15 902	25 000
Datautstyr	928	
Programvare, årleg vedlikehald	14 583	18 000
Reparasjon og vedlikehald	3 443	4 000
Revisjonshonorar	20 188	21 000
Reknskapshonorar	17 069	18 000
Kontorrekvisita	11 917	12 000
Trykksak	3 219	3 000
Aviser, tidsskrift, bøker o.l.	1 845	2 000
Møte, drift aktivitet	33 214	50 000
Kurs, konferanse	6 480	23 000
Arrangement i regi av Grannehjelp	117 138	125 000
Annen prosjektkostnad	58	
Telefon	14 028	15 000
Datakommunikasjon		
Porto	3 433	3 500
Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig	5 464	6 000
Reisekostnad, ikkje oppgåvepliktig	744	2 000
Annonsering og marknadsføring	42 593	40 000
Kontingent	5 000	4 000
Gåver, fradragsberettiget	2 602	5 000
Forsikringspremie	11 481	15 000
Bank- og kortgebyr	4 026	4 000
Annan kostnad	2 364	2 000
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>553 303</b>	<b>621 500</b>
Renteinntekt	153	200
Annan finansinntekt	4 964	5 000
	<b>442</b>	
<b>SUM FINANSINTEKT</b>	<b>5 559</b>	<b>5 200</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 601 260</b>	<b>1 575 200</b>
<b>Sum kostnader</b>	<b>1 477 941</b>	<b>1 603 500</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>123 321</b>	<b>- 28 300</b>

## MARKNADSFØRING

Grannehjelpa nyttar fleire gratis kanalar til marknadsføring: Facebook, aktivitetskalenderen i HF, lagsportalen til Kvam herad, [www.frivillig.no](http://www.frivillig.no), e-post og oppslag. I tillegg vert det annonsert i lokalavisa når økonomien tillet det.

Lystavlene i vindaugo gjev auka merksemd kring aktivitetane, og me registrerer at mange stoppar opp og les plakatane.

Gjennom året har det vore fleire artiklar i Hordaland Folkeblad, og me set pris på det gode samarbeidet med lokalavisa.

På vårparten inviterte me til internt Facebook-kurs for våre frivillige. Grannehjelpa nyttar FB i stor grad, og alle turgruppene, KvammaVEKO og Ung Fritid har egne sider der. Me ynskjer at frivillige skal ha ei aktiv rolle i å publisera, og det var også tema for kurset.

## KOM INNOM OSS DÅ VEL!

Lurar du på korleis me jobbar i Grannehjelpa? Har du lyst å vera frivillig hos oss? Har du idear du har lyst å utvikle? Kom innom oss då vel 😊  
Du finn oss midt i Grove, i Sandvenvegen 1B.



Me startar alltid med ein UFORMELL PRAT og har inga forventningar til at du skal bidra med noko utan du sjølv vil. Håpar me sjåast!

*Helsing Rut og Sidsel*

### Ledsager mengdekjøring

Grannehjelpa



📅 Me finn tidspunkt som høver for deg

📍 Utdanning, Lokalmiljø

### Aktivitet for eldre på institusjon

Grannehjelpa



📅 Me finn tidspunkt som høver

📍 Lokalmiljø, Eldre, Helse og sosial

📍 Øystese, Strandebarm, Ålvik, Norheimsund

### Gjer ein annan ei beine

Grannehjelpa



📅 Tid og stad vert avtalt frå gong til gong

📍 Eldre, Helse og sosial, Lokalmiljø